

Etablering av bru til Hekkeholmen ved Kvasnesstemma

Vurdering i høve til naturmangfoldloven

Kvasnesstemma er eit tilrettelagt friluftsområde der folk kan gå tur eller sitja seg på ein benk og nyta fuglelivet. Ornitologar me har vore i kontakt med kan opplyse om at det er registrert 80 fuglearter i området og at nokre av desse er sjeldne. Me kan nemne krikkand, toppand og fiskemåke. Den siste er ein trua raudlistart det er viktig å verna om.

I hekketida og særleg når måkeungane veks til er det ekstra livleg rundt Kvasnesstemma. I denne perioden er det også heilt normalt at måsen «går til angrep» på turgåarane som ferdast. Dette er normalt og akseptert som ikkje noko stort problem.

Verre er det med det lydnivået som vert skapt på holmen som ligg nærast bustadane i området. I dei siste åra har dei næraste naboane til denne holmen vendt seg til Lindås kommune med bøn om hjelp. Mange tiltak har vore føreslått utført, men brorparten av desse har vore i strid med naturforvaltninga. (Naturmangfaldslova)

Støynivået har vore så intenst at det for mange har ført til søvnlause netter med dei helsemessige konsekvensar dette fører med seg. Tidlegere kommunelege har også vore inne i biletet og uttalt at det må gjerast førebyggjande tiltak.

På bakgrunn av situasjonen og alle henvendingar som har kome valde kommunen å kalle inn naboane ved Kvasnesstemma til eit møte for å prøva å finna løysingar. Til å vera med på møtet inviterte me også Anticimex sin fugleekspert Frode M. Thuland for å snakka om moglege tiltak som kan gjerast i lys av at fiskemåkene er ein trua raudlistart. Dette var nyttig informasjon for alle partar og viktig i høve til at saka er kompleks og at det ikkje finnes enkle løysingar for å få bukt med støynivået.

Hekkeholmen



LINDÅS KOMMUNE	
Klassering 188/116	
8 - 01. 2014	
Ark. saksnr. 2014/67	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

På bakgrunn av innhenta opplysningar har eigedomsavdelinga vurdert og konkludert med at ei bru over til «Hekkeholmen» kan vera ein del av ei mogleg løysing og eit forsøk som er verdt å prøva ut.. Intensjonen er at ny ferdsel til holmen skal få måkene til å hekke på nokon av dei andre meir utilgjengelege holmane som finnes i Kvassnesstemma. Desse holmane ligg også lengre vekk frå busetnaden. Holmane kan med enkle tiltak også gjerast meir eigna som hekkeplassar. Døme på tiltak kan vera å rydda holmane for vegetasjon og plassera ut jord og steinmassar på holmane slik at desse får ei utforming som er meir lik andre hekkeplassar me kjenner til. Men slike tiltak må utførast i tett samarbeid med fagpersonar som har kompetanse på området, og utførast utanom hekkesesongen. Skisserte tiltak med etablering av bru er i seg sjølv eit lite tiltak utan skadeleg naturinngrep. Tiltaket krev ikkje sprenging og lar seg enkelt fjerna om det i ettertid viser seg å ikkje ha effekt, eller det på annan måte fører til ulempe for måkebestanden. Tiltaket er også vurdert i høve til naturmangfaldslova og dei råd me har fått frå fagmiljøet. Forsøk med å plassere ut fugleskremsel og vera fysisk til stades på hekkeholmen har vist at måkene då søkjer til ein av dei andre holmane i Kvassnesstemma. Sjølv om dette ikkje er noko fasitsvar meiner me at det gjev ein god indikasjon på kva som vil skje når brua er etablert.

FISKEMÅKE

Fiskemåke (*Larus canus*), også kalla seing, er ein kystbunden overflatebeitande sjøfugl som høyrer til gruppa måkefuglar. Arten er på den norske rødlista og har status som «nær truet» (NT)

Arten vert mellom 40 og 44 cm lang og har eit vingspenn på mellom 99 og 108 cm. Den veg omkring 360 gram.

Fiskemåkane er ein av dei vanlegaste måkeartane med eit minimumsanslag på 150 000 hekkande par. Den er utbreidd over heile landet frå ytre kyststrøk til høgareliggjande område opp til 1300 m over havet.

Brorparten av dei sørnorske fuglane dreg ut av landet i august- september, til Nordsjøområdet og vidare sørover heilt til Portugal. Mange fuglar overvintrar på Vestlandet, men dette dreier seg i hovudsak om nordlege og austlege fuglar, frå Nord – Norge, Sverige, Finland og Russland. Våre fiskemåker kjem attende til hekkeplassane i mars – april.

Ettersom måkane på same måte som andre fuglar tek tilhald ved søppelfyllingar i innlandet er det mange som meiner at dei er heilt avhengige av vårt avfall for å overleva. Undersøkjingar som er gjort på Hardangervidda av fiskemåkane sitt næringsval viser noko heilt anna. Analysane viser at virvellause dyr, særleg stankelbein, utgjorde hovudføda. Avfall frå menneske utgjorde berre ein svært liten del av føda.

Sjølv om namnet på fuglen skulle tyda på at fisk var ein vesentleg del av føda så er ikkje det tilfelle. Meitemark, smågnagarar og insekter er langt vanlegare føde.

Vurdering av tiltak i høve naturmangfoldloven, jfr §§ 4,5,7, 8-12

Tiltak som er ønska utført:

- Bru til «Hekkeholmen»

- Rydde i vegetasjonen på dei alternative holmane i Kvassnesstemma og plassere ut torvsekkar for å byggje opp terrenget slik at holmane vert meir tilrettelagt for hekking. Eventuelt supplere med reirplattformer. Dette kan vera ei plate (for eksempel 30 x30) med kantar som vert plassert på ein stolpe på holmane. Mange fiskemåker vil finne seg til rette på slike instalasjoner, og byggjer reir der.
- Ta grep for å få bukt med forsøpling/mating i området.

Føremål:

- Redusere støy (og andre plager) ved å flytte hekkeplassane lengre vekk frå busetnaden utan at dette skal føre til store ulemper for måkene.

Vurdering:

Skisserte tiltak er i samsvar med Norsk Ornitologisk Foreining sine råd som førebyggjande tiltak for å hindra at måker hekkar på uønska plassar som til dømes hustak.

Generelle forslag/råd som NOF har gjeve og som ikkje er i strid med naturmangfoldloven:

- Ferdsel på hekkeplassen i etableringsfasen (frå måkene kjem til eggleggjinga startar) er effektivt om det vert gjort fleire gongar om dagen. Hekkeplassen vil då verta vurdert som ueigna. (For å få dette til er me avhengige av bru)
- Tilbod av alternative gode hekkeplasser i nærleiken kan lokke måkene bort.(sjå bilete/omtale)
- I nokre tilfeller har holmar som tidlegare har fungert som hekkeplass blitt flytta frå på grunn av attgroing.Rydding av slike holmar kan føra til at måkane flyttar attende.Det er ein føresetnad at måkane får vera i fred på holmen.(Påsjå at holmane ikkje gror til)
- På industriområder kan det setjast opp ein stor reirplattform i utkanten av området der fuglane kan hekka utan å verta uroa.Plattformen bør vera minimum to meter høg for at fuglane skal kunna føla seg trygge.(Ikkje aktuelt no)

Førebyggjande tiltak som skissert over er det som me ser som gode løysingar for å få måkane til å hekke lengre vekk frå busetnaden. Tiltaka er særleg vurdert på bakgrunn av at fiskemåken er ein truga fugleart, og den kunnskap og erfaring ein har om denne arten.

Konsekvensar ved etablering av bru

Hekkeholmen vert ein naturleg del av turområdet ved Kvassnesstemma og nærvær vil tvinga måkane til å hekka på andre stadar/holmar ved Kvassnesstemma. Dette fekk me prov på i sesongen som var då fugleskremsel og hyppige besøk av naboane i området held måkene vekke. Resultatet var at ingen måker hekka på Hekkeholmen i sesongen som var. Men på grunn av dette kunne me ikkje observere at det var mindre måker eller måkeungar ved Kvassnesstemme enn det som er registrert tidlegare år. Dette indikerer at måkene fort tilpassar seg og finn andre hekkeplassar i området om det vert naudsynt.At måker er tilpasningsdyktige veit me frå før.

Ein negativ konsekvens kan vera at det vert meir hekking på nokre av dei flate taka i området. Men dette kan like mykje skuldast auka bestand i området enn ein konsekvens av at Hekkeholmen vert «fasa ut». På det meste er det « berre» observert 10-15 hekkande par på Hekkeholmen.



Alternative holmar for hekking i Kvasnesstemma

Lonene

I sesongen som var er det observert auke i måkebestanden som held til ved Lonene. Lonene er eit anna tilrettelagt turområdet som ligg i gåavstand like nord for Knarvik senter. Men med god avstand til busetnaden. Etablering og hekking i dette området vil neppe få negative konsekvensar for fastbuande og turgåarar då området er stort og hekkemoglegheitene mange. Rydding av vegetasjon og tilrettelegging for hekking av måker i dette område kan vera eit mogleg framtidig prosjekt. Men dette er ikkje med i våre planar og søknad no. Men me tek det likevel med for å vise alternativa som finnes rundt Knarvik senter for eit rikt fugleliv.



Frå Lonene. Mange måker held til her gjennom sommaren.

Konklusjon

Etablering av bru til Hekkeholmen som skissert er eit tiltak som er verdt å prøve ut. Måkene vil då hekke lengre vekk frå busetnaden og støyplaga for dei næraste husa vert sterkt redusert. Tiltaka er vurdert etter naturmangfoldloven og måkene sin tilpasningsevne. Me kan ikkje sjå at våre små tiltak skal ha negative konsekvensar for bestanden eller på anna måte vera skadeleg for fuglelivet ved Kvasnesstemma eller området rundt.

Vårt overordna mål som søkjar er at fuglelivet ved Kvasnesstemma framleis skal få utvikla seg fritt til glede for turgåarane og dei fastbuande i området.